

ADVOKATANE RØNNEKLEIV, LØVIK OG SUNDE I KONTORFELLESSKAP

Sogn og Fjordane tingrett
Postboks 85

6801 FØRDE

FØREBELS MELDING
TIL
SOGN OG FJORDANE TINGRETT
I
MOODS WHOLESALE AS
KONKURSBU
(ORG NR 995 153 629)

SOGN OG FJORDANE TINGRETTS SAK
17-146311KON-SOFT

SUNNFJORD  ADVOKATANE

ADVOKAT ANDREAS RØNNEKLEIV • ORG.NR. 980 331 849 MVA • ar@sunnfjordadvokatane.no
ADVOKAT ASBJØRN LØVIK • ORG.NR. 999 128 963 MVA • al@sunnfjordadvokatane.no
ADVOKAT INGEBORG JOHANNA SUNDE • ORG.NR. 917 859 973 MVA • ijs@sunnfjordadvokatane.no
ADVOKATASSISTENT ALICE NESJE • an@sunnfjordadvokatane.no
ELVEGÅRDEN, NAUSTDALSVEGEN 1B • POSTBOKS 84 • 6801 FØRDE • TLF. 57 82 91 90 • www.sunnfjordadvokatane.no
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING

I.**Adressatar for meldinga.**

Meldinga vert sendt til Sogn og Fjordane tingrett, konkursdebitor v/Jan Egil Flo, kreditorane og Konkursregisteret. Meldinga vil også vere tilgjengeleg på Sunnfjordadvokatane si heimeside.

II.**Identifikasjon av kven saka gjeld.**

Moods Wholesale AS, org. nr. 995 153 629, postboks 344, 6782 Stryn.

Moods Wholesale AS vart stifta den 15. januar 2010 og registrert i Førretaksregisteret den 9. februar 2010. Forretningsadresse har vore Myrane 7, 6783 Stryn i 1449 Stryn kommune.

Moods Wholesale AS er registrert i Førretaksregisteret med følgjande føremål:

"Design, produksjon, import/eksport, salg av tekstilvarer og tilbehør. Selskapet skal også kunne ta del i annen virksomhet tilknyttet bransjen."

Registrert aksjekapital NOK 100.000,- som er fullt innbetalt.

Selskapet inngår i konsern med Moods of Norway AS som morselskap, og fire søsterselskap, sjå VI, pkt. 1 nedanfor.

III.**Konkursen.**

Sogn og Fjordane tingrett opna konkurs i Moods Wholesale AS, heretter Skuldnar, den 20. september 2017 etter krav om oppbod som var innlevert retten same dag.

Fristdagen etter dekningslova § 1-2 vart sett til 20. september 2017. Frist for å sette fram krav vart sett til 18. oktober 2017. Første skiftesamling skal haldast tysdag 24. oktober 2017 kl. 10.30 i Sogn og Fjordane tingrett sine lokale.

IV.**Bustyringa.**

Advokat Asbjørn Løvik vart i brev dagsett 20. september 2017 frå Sogn og Fjordane tingrett oppnemnt som bustyrar. Bustyrar si kontoradresse er Naustdalsvegen 1B, postboks 84, 6801 Førde, tlf 57 82 91 90, e-post adresse: al@sunnfjordadvokatane.no.

V.**Nærare om konkursbuget.**

Styreleiar:	Jan Egil Flo, Bruagrenda 22, 6783 Stryn
Dagleg leiar:	Jan Egil Flo, Bruagrenda 22, 6783 Stryn
Styremedlemer:	Jørn Peder Sætre, Sætre, 6783 Stryn
	Simen Aleksander Staalnacke, Skogbakken 6C, 1177 Oslo

Moods of Norway AS er eigar av 100% av aksjane i Skuldnar.

To styremedlemer i fellesskap hadde signatur. Dagleg leiar og styret sine medlemmer hadde prokura kvar for seg.

Skuldnar har sjølv ført rekneskapen, utarbeidd årsrekneskap og likningspapir sidan 2013.

PricewaterhouseCoopers AS, postboks 546, 6901 Florø, v/Jan Ove Helle har vore Skuldnar sin revisor.

VI.

1. Den økonomiske verksemda.

Skuldnar er dotterselskap til Moods of Norway AS. I konsernet er det også 4 andre selskap; Moods of Norway AB, Moods of Norway International Inc, og Brandstad Drift AS, som har hatt aktiv drift og Moods Retail AS, som er eit tomt selskap utan drift.

Skuldnar har designa Moods of Norway produkt. Skuldnar har gjennom ulike leverandørar produsert og stått for sal av produkta ved sal i egne butikkar, nettsal, sal til konsernselskap og engrossal til andre butikkar. Skuldnar hadde 18 butikkar på ulike stader i landet, der fire var outlet-butikkar.

Skuldnar har utvikla eit avansert integrasjonsnettverk som driftsplattform for konsernet gjennom si IT-satsing. Varelager, økonomi og logistikk er til dømes integrert i eit nettverk. Skuldnar hadde elektronisk registrering av varer i butikk, slik at ein ved hjelp av ein elektronisk lesar raskt kunne registrere varene i butikk. I butikkar med slik system (alle butikkane med unntak av outlet-butikkane), gjennomførte ein vareteljing kvar veke. Skuldnar har såleis hatt god kontroll på varelageret, som var eit av selskapet sine vesentlege aktivum.

Skuldnar har også vore engasjert i ulike utviklingsprosjekt som til dømes eit prosjekt for utvikling av refleks innsydd i klede i samarbeid med SINTEF og Norsk Forskningsråd.

Skuldnar har levert IT-tenester og driftsrelaterte tenester til Brandstad Drift AS.

Plan for omstilling vart initiert av styret i Moods of Norway AS i 2014. Satsinga i utlandet vart nedbygd, engrosverksemda vart nedskalert og selskapet satsa i større grad på sal gjennom konsernet sine egne salskanalar. Det vart gjennomført ei intern selskapsmessig omorganisering ved at verksemda i Moods Retail AS vart overført til Skuldnar. Moods of Norway AS gjennomførte oppkjøp av aksjane i Brandstad Drift AS i 2016. Eit av føremåla med kjøpet var å oppnå synergieffekt med Brandstad Drift AS. Dei fulle effektane ved omstillinga vart ikkje realisert før konkursen.

Skuldnar hadde driftsfinansiering som deltakar i ei konsernkontoordning, der Moods of Norway AS var hovudlåntakar overfor Sparebanken Sogn og Fjordane, som var Skuldnar

sitt hovudbanksamband. Skuldnar hadde også driftsfinansiering gjennom factoringavtale med Sp. 1 Factoring.

2. Tilsette.

Ved konkursopning vart det opplyst at Skuldnar hadde 196 tilsette. Av desse var det mange deltidstilsette og ekstrahjelpere. Desse vart sagt opp av bustyrar 25. september 2017. Det er søkt lønnsgaranti for til saman 175 personar. Første søknad, som gjeld feriepengar og lønn fram til konkursopning, er innvilga og utbetalt.

3. Konkursårsak.

Konsernet si satsing i utlandet var for kostnadskrevjande. Skuldnar hadde i tillegg store kostnader relatert til valutakursutvikling. Konkurransen med internetthandel var utfordrande og pressa marginane. Dette medførte ei negativ resultatutvikling og ein pressa likviditet.

Moods of Norway AS vart tilført kapital/likviditet med NOK 20 000 000,- ved ein retta emisjon i august 2016. Innovasjon Norge gav selskapet eit pantelån i mars 2017, som del av ei oppfinansiering av selskapet/konsernet, der også eigarsida gav eit likviditetslån på NOK 15 000.000,- i form av ansvarleg lån. Dette gav likviditetsmessige effektar for Skuldnar gjennom deltakinga i konsernkontoordninga.

Rekneskapan for 2016 synte eit negativ resultat før skatt med NOK 30 588 633,-, som medførte at Skuldnar sin egenkapital var tapt. Skuldnar hadde dermed behov for tilføring av ny egenkapital og likviditet. Årsresultatet medførte også at Skuldnar kom i brot med banken sine finansielle lånevilkår. Banken varsla oppseiing av engasjementet, her inkludert konsernkontoordninga i brev av 1. september 2017. Banken stilte i varselet krav om at Skuldnar og Moods of Norway AS måtte tilførast frisk kapital for å betre eigenkapitalsituasjonen og ikkje minst likviditeten. Då Skuldnar/Moods of Norway AS ikkje oppnådde slik kapitaltilføring, sa banken opp driftsfinansieringa til Skuldnar og Moods of Norway AS den 18. september 2017. Som ein følgje av selskapa sin økonomiske situasjon såg ikkje styret i dei to selskapa anna løysing enn å melde oppbod. Det vart opna konkurs i både Moods of Norway AS og Moods Wholesale AS den 20. september 2017.

Skuldnar sine likviditetsproblem kjem også til uttrykk ved gjennomgang av selskapet sin leverandørreskontro, som i det alt vesentlege utgjer krav med forfallsdato i juli 2017 eller seinare.

4. Nøkkeltal frå rekneskapan:

Årsresultat pr. 31.12.15:

Resultat:

Driftsinntekter NOK 178 515 821, driftskostnader NOK 191 276 537,-, driftsresultat NOK – 12 760 716,-, netto finanspostar NOK – 732 735,-, resultat før skatt NOK – 12 027 981,-, skatt NOK – 3 172 710,-, årsresultat NOK – 8 855 271,-.

Balanse:

Sum anleggsmidler NOK 11 468 757,-, sum omløpsmidlar NOK 92 412 998,-, sum eigendelar NOK 103 881 755,-, sum eigenkapital NOK 6 325 786,-, sum gjeld NOK 97 555 968,-, sum eigenkapital og gjeld NOK 103 881 755,-.

Årsresultat pr. 31.12.16:**Resultat:**

Driftsinntekter NOK 172 389 278, driftskostnader NOK 201 889 935,-, driftsresultat NOK – 29 500 657,-, netto finanspostar NOK – 1 087 976,-, resultat før skatt NOK – 30 588 633,-, skatt NOK – 6 527 630,-, årsresultat NOK – 24 061 003,-.

Balanse:

Sum anleggsmidler NOK 21 944 900,-, sum omløpsmidlar NOK 66 670 779,-, sum eigendelar NOK 88 615 679,-, sum eigenkapital NOK – 17 735 217,-, sum gjeld NOK 106 350 896,-, sum eigenkapital og gjeld NOK 88 615 679,-.

Perioderekneskap pr. 31.08.17**Resultat:**

Driftsinntekter NOK 116 054 734,-, driftskostnader NOK 138 991 517,-, driftsresultat NOK – 22 936 783,-, netto finanspostar NOK – 2 042 440,-, resultat før skatt NOK – 24 979 224,-, perioderesultat NOK – 18 984 211,-.

Balanse:

Sum anleggsmidler NOK 24 925 725,-, sum omløpsmidlar NOK 99 409 315,-, sum eigendelar NOK 124 335 040,-, sum eigenkapital NOK – 36 719 428,-, sum gjeld NOK 161 054 468,-, sum eigenkapital og gjeld NOK 124 335 040 -.

Skuldnar har ført rekneskapen elektronisk og rekneskapen er ajour fram til 15. september 2017.

VII.**Stilling og status i buet.**

1. Bustyrar hadde møte med styreleiar og dagleg leiar Jan Egil Flo same ettermiddag/kveld som konkurs vart opna. Dagen etter var det møte i Skuldnar sitt kontor i Stryn, og bustyrar hadde også møte med Skuldar sitt hovudbanksamband same dag. Det vart gjennomført registrering og registreringsforretninga som ligg vedlagt syner registrerte aktiva.

Skuldnar sitt varelager, driftstilhøyr og kundefordringar var pantsett.

Det var stor interesse i kjøp av Skuldnar sine aktiva, både enkeltaktiva/aktivapostar. Det var også interessentar for kjøp av dei vesentlege aktiva postar i dei to konkursråka selskapa. Bustyrar vurderte at ei samla realisasjon av dei to selskapa sine aktiva var den beste løysinga og dei interessentar som hadde meldt si interesse for dei vesentlege aktivapostane vart invitert til å gi bod. Realisasjonsprosessen vart gjennomført i forståing med panthavarane til dei aktuelle aktiva. Det var 6 ulike bodgjevarar som vart invitert og

4 som gav bod innan fristen som var sett. Det vart på ettermiddagen, dagen før akseptfrist for boda gjekk ut, inngitt bod, stort NOK 52 600 002,-, frå ei anna gruppe av interessentar på same aktiva som var lagt ut for sal. Dette bodet var vesentleg høgare dei andre boda som var kome inn. Forskjellen mellom det høgste bodet og nest høgste bodet var på over NOK 25 000 000,-. Ingen av bodgjevarane ville gå høgare og det høgste bodet vart akseptert av bustyrar og panthavarane i dei respektive aktiva.

Sp. 1 Factoring AS, driv inn kundefordringar basert på factoringavtalen til dekning av sitt uteståande pantesikra krav. Dei resterande kundefordringar vil vere frie aktiva i buet.

Konkursbuet har erklært ikkje-inntreden i husleigekontraktane, jf. dekl.§ 7-10.

2. Særleg om tvistar.

Det er ikkje registrert tvistar i buet.

3. Kreditorane si stilling.

Det er 118 kreditorar som har meldt krav på til saman NOK 90 916 169,94 i selskapet. Pr i dag er det usikkert om det er midlar til dividende i buet. Det ligg føre avtalar om solidaransvar mellom Moods of Norway AS og Moods Wholesale AS. Vidare er ikkje den del av panthavarane sine krav som vil verte dekt gjennom realisasjon av aktiva teke omsyn til. Dei samla krav som er meldt mot dei to selskapa vil derfor verte nedjustert. I tillegg vil solidaransvaret medføre at same krav er meldt og registrert som krav i begge konkursbua.

4. Bustyrar har så langt ikkje funne omstøytelege disposisjonar i selskapet.

VIII.

Straffbare forhold.

Det er så langt ikkje avdekka straffbare forhold.

IX.

Konkurskarantene.

Det er så langt ikkje funne grunnlag for å i leggje konkurskarantene.

X.

Revisor.

Det er så langt ikkje funne forhold som kan gi grunnlag for sanksjonar frå Finanstilsynet overfor selskapet sin revisor.

XI.

Perspektiv, utført buhandsaming og framdriftsplan.


Bustyrar har utført vanleg buhandsaming, med undersøking av rettar og plikter som har kvilt på buet, gjennomført registrering, møte med Skuldnar og panthavarar, kontakt med interessentar til aktiva, tilsette, leverandørar til konkursdebitor, lønnsgarantiarbeid og sal av aktiva mv. Det er skrive førebels melding til tingretten. Buet har vore sær arbeidskrevjande og det står framleis igjen ein del arbeid.

Når det elles gjeld bubehandlinga vil eg på grunnlag av det som er gjennomgått ovanfor gjere framlegg om at det ikkje blir oppnemnt burevisor, og at desse oppgåvene blir utført av tingretten, jf. kkl. § 90, 4. ledd, 1. pkt. og § 90, 4. ledd 2. pkt.

Eg gjer framlegg om at det ikkje blir oppnemnt kreditorutval.

Buet kan truleg sluttast i løpet av 2018.

Førde, 23. oktober 2017



Asbjørn Løvik
advokat - bustyrar

ADVOKATANE RØNNEKLEIV, LØVIK OG SUNDE I KONTORFELLESSKAP

REGISTRERINGSFORRETNING

I

KONKURSBUET MOODS WHOLESAL AS

SOGN OG FJORDANE TINGRETTS BU 17-146311KON-SOFT

Den 20. og 21. september 2017 vart det halde registrering i Sogn og Fjordane tingretts sak 17-146311KON-SOFT: Moods Wholesale AS konkursbu. Registreringa vart halden på kontoret til bustyrar advokat Asbjørn Løvik, på konkursdebitor si kontoradresse og sentrallager.

Til stades: bustyrar advokat Asbjørn Løvik og Jan Egil Flo (dagleg leiar). I tillegg var Jan Fjellkårsstad (rekneskapssjef), Rasmus Bø (økonomisjef), Jørn Sætre (IT-sjef) og Petter Hammer (lagersjef) til stades under delar av registreringa.

Det vart oppmoda om å oppgi alt til registrering, og orientert om at det er forbunde med straffeansvar å halde ting unna registrering. Følgjande vart registeret:

Driftstilhøyr:

- Påkosting leigde lokalar, datamaskiner, mobiltelefonar, butikkinventar/-utstyr, IT-system, kunst mv.

Vurdert å ha minimal realisasjonsverdi i samband med konkursen.

Varelager pr. 21. september 2017, inntakskost.:

- Varelager butikk, samla verdi NOK 25 522 000,-
- Varelager sentrallager, samla verdi NOK 33 912 000,-
- Varer i transitt, samla verdi NOK 10.893.000,-, der NOK 3-4 mill. var førehandsbetalte varer

Samla verdi varelager vert estimert til NOK 60.000.000,-. Varelageret vert vurdert å innchalde i det alt vesentlege kurante varer.

Fordringar til pålydande pr. 15.09.17:

- Konserninterne fordringar, samla pålydande NOK 17 326 000-
- Andre fordringar, samla pålydande NOK 8 857 000,-

Konserninterne fordringar var tapsført i rekneskapen pr. 31.12.16 med 2 190 000,-. I den aktuelle situasjon vert konserninterne vurdert til å ha minimal verdi. Andre fordringar vert vurdert til NOK 7 000.000,-, i alt vesentlege kurante fordringar med forfall i 2017.

SUNNFJORD ADVOKATANE

Motorvogner og anleggsmaskiner:

- 2 stk SWE 120 Støttebetruck 2011 og 2012 modell, vurdert til samla marknadsværdi på NOK 30 000,-
- Atlet plukktruck, vurdert til marknadsværdi på NOK 10 000,-
- BT, plukktruck, vurdert til marknadsværdi på NOK 5 000,-
- OS1.0 WL Plukktruck, vurdert til marknadsværdi på NOK 1 000,-
- OS1.0 WL Plukktruck, defekt,
- VW Caddy Maxi, 2012 modell reg. nr. UA 32573, vurdert til marknadsværdi på NOK 45 000,-
- Lincoln Town Car, 2001 modell, reg.nr .HJ 77577, vurdert til marknadsværdi på NOK 200 000,
- Ferguson, 1954 modell, reg. nr. AD 1479, vurdert til marknadsværdi på NOK 40 000,-
- Massey Ferguson, 1976 modell, reg. nr. TV 6621, vurdert til marknadsværdi på NOK 40 000,-

Er fritt aktivum i konkursbuet.

Kontantar i form av kasseoppgjer, inklusive veksel levert nattsafe:

- Samla NOK 91 437,-

Innestående på konto i:

- Nordea Bank
 - Konto nr. 6557 05 50092, NOK 177 153,-
- Sparebanken Sogn og Fjordane
 - Skattetrekkskonto nr. 3705 17 18195, NOK 318 126,-
 - Konto nr. 3705 20 35911, NOK 6 895,-, banken har erklært motrekning i beløpet

Bustyrar såg det ikkje som føremålstenleg å gjennomføre ei detaljert registrering av varelageret og driftstilhøyret.

Meir låg ikkje føre til registrering.

Asbjørn Løvik
advokat-bustyrar